

# Når barnet ditt har kraftig hoste

## Riktig antibiotikabruk - det beste for barnet

### Hoste er eit vanleg symptom på fleire luftvegsinfeksjonar:

- I dei fleste tilfelle har barnet ei forkjøling.
- Bronkitt er ein infeksjon som oftast skuldast virus. Det mest vanlege symptomet er hoste natt og dag. Hosten forverrar seg ved påkjenning og somme barn kan hoste til dei brekker seg. Barna kan vere tungpusta og ha sårheit i brystet som blir forverra av hosten. Pipelydar kan høyrast over lungene og blodtilblanda eller gult/grønt slim er vanleg etter sjukdom i meir enn ei veke.
- Om barnet i tillegg til den kraftige hosten er i svært dårleg form, har feber som varar i fleire dagar og rask pust, kan dette skuldast lungebetennelse.
- Bronkiolitt er ein annan og meir alvorleg virusinfeksjon som nesten berre førekjem hos barn under 2 år. Han startar ofte som ei forkjøling med hoste. Barnet får gradvis større pustevanskar, rask og overflatisk pust, piping i brystet og ein hås pustelyd når barnet pustar ut. Eit teikn på sjukdomen kan vere at huden mellom ribbeina blir trekte inn når barnet pustar.
- Falsk krupp skuldast som regel virus. Kraftig hoste som kan minne om hundegøying er eit vanleg symptom i tillegg til håsleik og pustevanskar (tung og kvesande pust). Dette kjem av at slimhinnene i strupen hovnar opp slik at luftpassasjen blir trongare. Falsk krupp kan kome plutselig og opptre oftast seint på kvelden eller utpå natta.



Illustrasjon: Grete Sømmer

### Er behandling med antibiotika nødvendig?

- Hos dei aller fleste går bronkitt over av seg sjølv. Antibiotikabehandling hjelper ikkje på plagene og gjer ikkje barnet fortare friskt. Om barnet har tungt for å puste, kan du diskutere med legen om det er aktuelt med medisinar som hjelper mot dette.
- Lungebetennelse blir til vanleg behandla med antibiotika.
- Bronkiolitt blir ikkje behandla med antibiotika om ikkje barnet i tillegg har lungebetennelse (eller andre komplikasjonar). Barn med bronkiolitt vil ofte bli lagde inn på sjukehus.
- Falsk krupp kan verke skremmande både på barn og foreldre, men plagene går som regel over av seg sjølv ved enkle tiltak. Antibiotikabehandling hjelper ikkje på plagene og gjer ikkje barnet fortare friskt. Om barnet har store pustevanskar, kan barnet få behandling hos legen (på legevakta) som dempar hevinga i slimhinnene. Kva kan du gjere for å hjelpe barnet ditt?
- Gje rikeleg med drikke.
- Gje slimløysande middel om barnet er plaga av seigt slim.
- Ved kraftige hosterier og mykje slim, bør ein ta barnet opp av senga slik at slimet ikkje gjer det vanskeleg for barnet å puste.

Oppsøk lege om barnet verkar svært medtatt, feberen ikkje går ned etter 2-3 dagar, barnet har tungt for å puste eller pusten er veldig rask.

### Ved falsk krupp:

- La barnet puste inn kald og fuktig luft. Ta barnet med ut. Kle på barnet først.
- Det kan hjelpe at barnet pustar inn kald damp. Set til dømes på kald dusj slik at baderommet blir fuktig og kjølig.
- Barnet bør sitje oppreist på fanget eller berast.
- Hev hovudenden på senga.
- Det kan hjelpe med kald drikke.
- Prøv å halde deg roleg slik at uroa ikkje smittar over på barnet.
- Bli hos barnet gjennom natta og sjekk pusten av og til for å skape tryggleik for deg og barnet.

Oppsøk legevakt om hosten og pustevanskane til barnet ikkje blir betre etter at du har følgd råda ovanfor.

### Antibiotikabruk hos barn

Antibiotika er viktige og effektive medisinar i behandling av infeksjonar som skuldast bakteriar. Uriktig bruk av antibiotika kan føre til utvikling av resistente bakteriar. Det vil seie at antibiotikabehandling ikkje lenger har effekt på desse bakteriane.

### Kva betyr antibiotikaresistens for behandling av alminnelege luftvegsinfeksjonar hos barn?

Antibiotikaresistente bakteriar er eit aukande problem. Utanfor sjukehus blir det brukt mykje antibiotika til behandling av luftvegsinfeksjonar, spesielt hos barn. For å behalde antibiotika som effektive medisinar, er det viktig å avgrense feilaktig bruk av antibiotika i behandling av slike infeksjonar.

Er du i tvil om barnet ditt har ein infeksjon som må behandlast med antibiotika eller andre legemiddel, skal du ta kontakt med lege. Legen vil også bidra med råd om korleis du best kan lindre plagene til barnet til infeksjonen går over.

### Antibiotika verkar ikkje på virus

Antibiotika verkar ikkje på virus. Virus er årsaka til dei aller fleste halsbetennelsar, øyrebetennelsar og biholebetennelsar og alle forkjølingar. Kroppen kjempar normalt mot slike virusinfeksjonar på eiga hand. Antibiotika har inga effekt på virus og fører heller ikkje til lindring av plagene til barnet.

Også mange bakterielle infeksjonar går over av seg sjølve utan bruk av antibiotika. Ved dei fleste infeksjonar er det tilrådd å sjå situasjonen an i 2-3 dagar.

### Når antibiotika er nødvendig

Når legen har vurdert at barnet har ein infeksjon som må få behandling med antibiotika, er det viktig at heile kuren blir gjennomført slik legen har bestemt. Om barnet ikkje fullfører antibiotikakuren, vil berre nokre av bakteriane bli utrydja. Dei meir motstandsdyktige vil kunne overleve, formeire seg og bli fleire.